



Innelimaet er ikkje godt i denne fløyen

FAU ved skulen vil jobba vidare med å få framskynda opprustinga på vilkår av at kommunen garanterar skriftleg at arbeidet vert starta hausten 2014 og vert ferdig til skulestarten året etter. Eit anna vilkår er at det vert sett i verk tilfredsstillande midlertidige tiltak for å sikra eit godt innelima i perioden før opprustinga.

FAU ved Johannes Hjørnevåg skriv til kommunen at dei midlertidige tiltak som er foreslått ikkje er tilfredsstillande. Problemet er like mykje relatert til dårleg luftkvalitet som til temperatur.

Utvalet kan ikkje finna at det er gjort tilfredsstillande målingar av innelimaet og ber om at det vert utført skikkelege målingar sidan det no skal gjennomførast 2 fulle skuleår før opprustinga. I tillegg ynskjer FAU at det vert sjekka for fukt og råteskadar og dei vil og gjennomføra ei spørjeundersøking ved skulen for vidare å dokumentera problem med innelimaet

FAU meiner at den einaste akseptable midlertidige løysinga er montering av varmpumper med CO2-filtrering, ei pumpe i kvart klasserom og lærarværelse. Dette vil gje betre innelima ved at ein får betre sirkulasjon og rensing av lufta. Straumforbruket vert redusert betrakteleg slik at store delar av investeringa vert betalt ned over dei 2 åra. Ein sparar og investeringar for å auke kapasiteten på det elektriske anlegget, Dette er ikkje dimensjonert for den belastninga rein elektrisk oppvarming krev på kalde dagar.

Av Ola Matti Mathisen